

# Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2015.

## Del 1 Eldrerådet fram til nytt val hausten 2015:

Eldrerådet 2011-2015 var slik samansett:

Medlem	Varamedlem
Tore Gran, leiar	Haldis Rogne
Aage Kjonerud, nestleiar	Gunnar Berg
Gunvor Onstad	Hjørdis Hegge
Magnhild Strand, Sp	Marit Synnøve Opheim Østli, Ap
Bente Oxhovd, H	Morten Steinsrud, Sp

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE	
Saksforvaltningsadministrasjonen	
Avisa nr. 15/185	Til nr. 16/1758
29 MAR 2016	
Ark.kod. 033	
Avdeling	Saksbeh. Rogast
	Gradning

Ref. KS.

Eldrerådet fram til nytt val hadde 4 møter i 2015 med i alt 19 saker. Årsmeldingar og referat ligg på kommunens heimeside under "politikk og val" eller ein kan få dette på Tingvang.

### *Kommuneplan - arealdelen.*

*Tomt til omsorgstun.* Det er gitt innspel frå rådet i alle møter både i 2014 og 2015. Rådet har arbeidd særskilt mykje med dette: sak 2/15: Uttale om nytt omsorgstun 23. jan. og samla uttale til planen, sak 8/15: orientering om framdrift, Innlegg Avisa Valdres (AV) 18.mai frå rådet, sak 12/15: Bioforsk jord og miljø: Bygging på myr forureinar langt meir enn dyrking. 10.juni: ope møte omsorgstun, arr. Eldrerådet. I siste halvdel av juni la rådet ut lister for underskrift om tomteval: 11 var for Raubrøt (myrområde) og 276 for Moen-(dyrka mark).

Både Fylkeskommunen og Fylkesmannen vil ikkje nytta Moen med dyrka mark. Både seier Moen er «god/meget god jord». Fylkesmannen i Hedmark seier ja til utbygging på 70 dekar med same jordkvalitet «god/meget god» (IKEA-området i Ringsaker). Jordkvaliteten er etter ein anerkjend metode, men den er *uavhengig av klima og kva som kan dyrkast*. I Ringsaker dyrkast matkorn til menneske. På Moen dyrkast for til dyr. Dette gjer Ringsakerjorda meir enn 10 gonger høgare verde som mat til menneske enn Moenjorda! Dette er ikkje med i vurderinga for Moen. Så ulik og mangelfull handsaming bør ein ikkje godta når ein ikkje har anna tenleg areal.

*Gang-sykkelveg Fv 51.* Dette bør prioriterast langt høgare av omsyn til både fastbuande og turistar.

*Talerett for rådet.* Heller ikkje i 2015 har det skjedd noko sjølv om alle partar forlengst er klar over at taleret er fullt lovleg og i bruk hos dei andre kommunane i Valdres.

*Heimetenesta.* Auke i bemanninga er i 2015 som alle tidigare år rådets høgste prioritet. I 2014 var det og levekårsmeida sitt forslag. Det er ikkje registrert lettare tilgang på tenester i 2015.

*Sjukeheimen.* Etter aksjonen med overbelegg i 2009 har saka roa seg, men med overbelegg og mange ekstra liggedøgn i 2013. For 2014 nekta kommuneleiinga å gje oss opplysningar om ekstra liggedøgn på sjukehus, sjukefråvær og overbelegg. Sjukefråveret er no 2-8% og det er og lova å sjå på å ta i bruk omsorgsboligane i Moavegen 25 frå sist på året med døgnbemanning slik dei var bygd for.

*Den kulturelle spaserstokken.* Rådsleiar har samarbeida med kultursjefen om dette med arrangement både vår og haust i mange år.

*Eldrefest.* Årets fest var på Tingvang med 55 til stades. God mat og triveleg service, Underhaldning «Hutte mei tu for ei kjerring» med Bente Hemsing og Stein Villa i samarbeid med den kulturelle spaserstokken. Særskilt bra.

*Datakurs for eldre* vart ikkje prioritert av biblioteket i 2015.

*Eldrerådet har i 2015 vært med på fylgjande andre møte:*

Oppland eldreråds vårkonferanse, råda i Valdres og samhandlingsstyret for frivilligsentralen.

## Del 2 Nytt eldreråd frå hausten 2015

### Medlem

Torleiv Sigurd Hovi, leiar  
Solveig Rydland, nestleiar  
Gunnar Berg  
Edgar Linn, Frp  
Marit Synnøve Opheim Østli, Ap

### Varamedlem

Erik Gjerdalen  
Marit Robøle  
Bodil Dahle  
Morten Steinsrud, Sp  
Ove Ekerbakke, H

Det nye rådet har i 2015 hatt 1 styremøte og handsama 10 saker. Eldrerådet har delteke på opplæring i regi av KS og kommunen. Dette var lærerikt. Rådet var representert ved Gunnar Berg på Framtidsverkstad for utvikling av Heggnes. Rådet har fått utdelt ein perm av sekretæren i eldrerådet. Permen inneheld nyttige reglar og reglement i kommunen, bl.a. reglement for eldreråd i Øystre Slidre.

Eldrerådet har vedteke ein aktivitetsplan for 2016 med slike prioriteringar:

- Fylgje opp eldrerådet sine oppgåver som rådgjevande organ og arbeida for å koma tidleg inn i saker som skal handsamast politisk og som gjeld levekåra til dei eldre.
- Arbeide for at dei eldre skal ha gode tenester i Øystre Slidre
- Lokalisering og bygging av omsorgstun i Heggnesområdet.
- Eldredagen
- Innsamling til ny "Festus"
- Den kulturelle spaserstokken
- Evt. Datakurs
- Gjera seg kjend med og evt. omvisningar på Sjukeheimen, omsorgsbustader og VLMS.
- Halde helse- og omsorgsplanen varm

Eldrerådet vil halde ein god dialog med politisk leiding og administrasjon i kommunen.

Årsmelding vedteke i eldrerådet, den 29.03.16 ..... (Leiar)

*Torleiv Sigurd Hovi*